



# DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd

Stad: Kyrkjestugu

Dato: 23.11.2022

Tidspunkt: 19.30 - 20.45

Til stades:

Arild Øystese Hansen

Einar Brattegard

Sveinung Hansen

Else Karin Holte Veslegard

Birger Bolstad

Vigdis Vårvik Gåsterud

Varamedlem for:

Torfinn Slåtto

Solveig Vestenfor

Wenche Smestad

Det møtte ingen varamedlemmer for Solveig Vestenfor og Torfinn Slåtto

Frå administrasjonen møtte:

Kyrkjeverje Trond B. Augunset

Arild Øystese Hansen

Nestleiar

## **Godkjenning av møteinkalling og sakslista:**

Møteinkalling og sakslista vart godkjent utan merknader.

## **Godkjenning av protokoll frå møte 19.10.22**

Protokollen vart godkjent utan merknader.

## **SAK 28/22 Investering og større vedlikehald**

### **Saksopplysningar:**

I følgje Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kyrkje skal det utarbeidast ein økonomiplan:

#### *§ 6.Økonomiplan*

- (1) *Organ for soknet på kommunenivå skal én gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
- (2) *Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettårene.*
- (3) *Økonomiplanen skal omfatte hele virksomheten og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktig måte.*
- (4) *I økonomiplanen skal det for hvert år i planperioden vises hvordan de oppførte utgifter og tiltak skal finansieres.*
- (5) *Planer som omfatter avgrensede deler av virksomheten, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
- (6) *Økonomiplanen og endringer i denne vedtas på grunnlag av innstilling fra den økonomireglementet bestemmer.*

*Økonomiplan for 2022 – 2025 vart vedtatt av fellesrådet i sak / 21*

*Det er ein del endringar i forutsetningane frå då fellesrådet handsama økonomiplanen i 2021. Dette gjeld spesielt straumprisane.*

Kyrkjeverja meiner ein må legge opp til eit løp der ein har ein plan for større periodiske vedlikehald, som til dømes måling.

Fellesrådet fekk for 2022 og –23 midlar til etablering av namna minnelund og fleirkulturell gravplass. Prosjekta vert lagt ut på ny tilbodskonkurranse ved årsskifte 2022/-23. Fellesrådet har ikkje midlar til større investeringar eller vedlikehald i 2023 utanom namna minnelund og fleirkulturell gravplass.

Fellesrådet har sagt at ein skal sette i gong eit arbeid for å sjå på energibruken. Dette arbeidet kan føre til endringar i dei prioriteringane som vert gjort i denne økonomiplanen 2023 – 2026. Ein bør her leige inn ein konsulent for å sjå på energibruken og gjere prioriteringar ut frå dette.

### **Vedlegg:**

[Veileder for forprosjekt for installasjon av slokkeanlegg i kirker - Riksantikvaren](#)

### **Vurderingar:**

#### **Leveld kyrkje og reiskapshus:**

Reiskapshus: Her er det lekkasje i taket og truleg må taket skiftast. Dette bør prioriterast i 2025 Arbeidet må ut på anbod. Estimat på arbeidet er ca. 250 000,-. Kyrkjeverja vil undersøke om dette er arbeid som kan utførast av elevar ved Ål VGS.

Det store glasmåleriet i koret må gjerast noko med. Denne manglar glas på utsida som tek vare på glasmåleriet og held særslig dårleg på varmen. Kyrkjeverja meiner det bør gjerast eit arbeid for å ta vare på glasmåleriet det held betre på varmen. Til dette må det nyttast folk med

spesialkompetanse. Dette må ut på anbod og bør gjerast i 2024. Kostnad på taksering for å kunne sende dette ut på anbod er kr. 32 500,-.

Kyrkja er målingslitt og må målast. Det er varmegjennomslag og målinga har flassa av. Det bør bli gjort ein tilstandsanalyse av Leveld kyrkje for å kunne prioritere tiltaka. Måling av kyrkja må prioritert i 2024. Erfaringstal frå andre kyrkjer syner arbeidet let seg gjere for ca. 250 000,-.

### **Ål kyrkje:**

Ringeanlegg Ål kyrkje: Dette bør prioriterast i 2026. Kr. 100 000,-

Måling av tårn. Dette bør kunne gjerast samstundes med måling av Torpo kyrkje.

Brann- og innbrotsalarmar: Bør prioriterast i 2026. Kr. 150 000

Sprinkelanlegg Ål kyrkje: Her er det i tidlegare planar lagt til grunn sprinklanlegg og ein kostnad på 1,3 mill kr. Det bør startast eit forprosjekt for val av løysing og for å kunne starte prosessen mot Riksantikvaren for å få dei naudsynte løyvene. Riksantikvaren har laga ein eigen veileddning for forprosjekt til slokkeanlegg. Kyrkjeverja vil peike på at val av løysing vil kunne ha årlege driftsutgifter som ein må ta med i vurderinga.

### **Torpo kyrkje:**

Kyrkja bør målast i 2027. Ho vart sist måla i 2005/06.

### **Sorteringsanlegg:**

Sorteringssystem alle kyrkjegardar. Samla kostnad kr. 300 000

### **Utgår:**

Det er i langtidsplanen satt opp kistekjølar i Leveld og Torpo. Kyrkjeverja meiner det ut frå talet på dødsfall i desse sokna det ikkje er naudsynt med eigen kistekjølar i desse båreromma. Kyrkjeverja meiner ein må nytte bårerommet på Ål når båreromma på Torpo og i Leveld ikkje kan nyttast.

### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet vedtek investeringsbudsjett og plan for større vedlikhald ihht vedlegg.

### **Handsaming i fellesrådet**

**Votering:** Samrøystes vedteke med tillegg av HC rampe på Torpo

### **Vedtak:**

Fellesrådet vedtek investeringsbudsjett og plan for større vedlikhald ihht vedlegg. HC rampe til Torpo kyrkje vert lagt inn frå tidlegare langtidsbudsjett.

## Vedtekter om kyrkjegardane i Ål kommune – endring

### Saksopplysningar:

Ål kommune har forskrift for gravplassane som er godkjent av Tunsberg bispedømmeråd i 2018. Ål kyrjelege fellesråd vedtok i sak /21 at det skal etablerast ei namna minnelund. Prosjektet er ikkje komme i gang på grunn av at det ikkje kom inn tilbod på å utføre arbeidet. Før ei namna minnelund kan tas i bruk, må vedtekten om gravplassane ha føresegner om namna minnelund. Det følger av Gravplassforskrifta § 15a fjerde ledd.

#### **§ 15a. Anonym og navnet minnelund**

*Med minnelund forstås gravfelt på gravplass uten adgang til gravminne knyttet til den enkelte grav. § 13 første ledd og § 15 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende for grav i anonym og navnet minnelund.*

*Gravens plassering på anonym minnelund er bare kjent for gravplassmyndigheten. Plassering av grav på navnet minnelund kan gjøres kjent. Anonym og navnet minnelund skal plasseres i atskilte gravfelt.*

*Ved anonym minnelund kan det plasseres minnesmerke. Ved navnet minnelund skal det plasseres minnesmerke med navn og data på de gravlagte.*

*Grav på anonym minnelund har ingen ansvarlig. På navnet minnelund kan grav festes etter fredningstidens utløp. Nærmere bestemmelser gis i gravplassens vedtekter. (kyrkjeverja sin utheving).*

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som er regional gravplassmyndighet og har laga ein mal for korleis gravplassforskriftene bør utformast. Dette vil sikre lik handsaming og fjerne tolkningstvil. Det er Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som skal godkjenne forskriften etter at Fellesrådet har vedtatt den.

Det følger av forvaltningsloven § 37 at saka skal være så godt opplyst som mogleg før avgjerala vert teken. Forskrifter skal normalt sett sendast på høyring i seks veker for å få innspel til ny forskrift.

### Vurdering:

Når fellesrådet skal etablera ein namna minnelund er naudsynt å endre vedtekten om kyrkjegardane i Ål kommune, jfr. Gravplassforskrifta § 15a.

Kyrkjeverja meiner fellesrådet bør nytte den nye malen som Statsforvaltaren har laga. Det er lagt vekt på få med føreseggnene i dei gjeldande vedtekten, men i den nye malen sin ordlyd.

Det er tatt inn nokre nye føresegner, mellom anna om arbeid på gravplassane. Dette er i tråd med malen.

Det er i forslaget markert med raudt føresegne som kyrkjeverja meiner fellesrådet må diskutere eller som krev merksemnd. Dette vil bli fjerna før forskrifa vert lagt ut på høyring.

Kyrkjeverja meiner at endringane er så store at forskrifa må sendast ut på høyring.

### Framlegg til vedtak:

Ål kyrjelege fellesråd vedtek å sende forskrift om gravplassvedtekter, Ål kommune ut på høyring i 6 veker.

### Handsaming i Fellesrådet

Kyrkjeverja orienterte om saka.

**Votering:** Det vart samråystes vedteke å legge forskrifa ut på høyring.

**Vedtak:**

Ål kyrkjelege fellesråd vedtek å sende forskrift om gravplassvedtekter, Ål kommune ut på høyring i 6 veker.

**Sak 30/ 22                    Justering av avgifter, tenester mm for 2023****Saksopplysningar:**

Fellesrådet vedtok i sak 46/21 justering av prisar på utleige og kyrkjelege tenester.

Frå saksframlegget i 2021:

*I vedlegget som samliknar prisane i Hallingdal er det nokre gamle prisar, og nokre som nyleg er vedtekne. Fellsråda i Hallingdal tek sikte på å ligge på same prisnivå for utleige og tenester i 2024. Det er særleg to ting det er stor forskjell på. Utleigeprisar på kyrkjer, og nedsetting av kiste og urne. Her lyt Ål på sikt koma på nivå med dei andre fellsråda.*

*Konfirmantavgiften ligg på vel 1000 kroner for dei andre fellsråda, men satsen kjem litt ann på kva konfirmantprogrammet inneheld av leir, aktivitetar og anna.*

Festeavgifta vart i sak 47/22 satt til kr. 210 pr år med 10 års festetid.

**Vedlegg:**

Justering av prisar som og syner utvikling.

Prisar Hallingdal

**Vurdering:**

Fellesrådet må vurdere om ein skal auke avgiftene/leigesatsane for at me skal nærme oss dei andre fellsråda i Hallingdal. Det er nokre strategiske val som fellsrådet må ta for å eventuelt å auke talet på vigslar og konfirmantar.

I vedlagt excelark er sal av tenester indeksjustert i konsumprisindeksen, det vil seie 6,8%.

Det er laga to forslag for å harmoisere prisnivået med dei andre kommunane. Eit alternativ som tek heile "differansen" i 2023 og eit der harmoniseringa skjer ved at halvparten av differansen vert teke i 2023 og resten i 2024.

Dei andre fellsråda vil ikkje endre festeavgiftene for 2023 og kyrkjeverja rår til at festeavgifta i Ål ikkje vert endra i 2023.

**Framlegg til vedtak:**

Festeavgiften holdes uendra for 2023.

Prisane på utleige og kyrkjelege tenester vert endra i trå med framlegget alternativ.....

**Handsaming i Fellesrådet**

Fellsrådet ynskjer saka med betaling for kyrkjelege handligar vinter/vår 2023

**Votering:**

Alternativ 1 vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Festeavgiften holdes uendra for 2023.

Prisane på utleige og kyrkjelege tenester vert endra i trå med framlegget alternativ 1.

## SAK 30/22 Møteplan 1. halvår 2023

### Saksopplysningar:

Kyrkjeverja legger opp til munnlege orienteringar om status for staben sitt arbeid i kvart møte.

Når kyrkjemøte fatta prinsippvedtaket om kyrkjeleg organisering blei det vedtatt i punkt 3 følgande:

*Kirkemøtet understreker at soknets organer må involveres i det videre arbeidet med å følge opp Kirkemøtets prinsippbeslutning. Ansattes organisasjoner involveres i tråd med gjeldende regler og avtaleverk.*

Kyrkjeverja veit ikkje noko om når og korleis slik involvering vil finne stad. Det kan derfor være naudsynt med ekstramøter.

### Vurderingar:

Kyrkjeverja har satt opp følgande forslag til møteplan for våren 2023.

Møtedato		Årshjul
Onsdag 25. januar		Budsjett, strategiarbeid,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 8.mars		Årsmelding og rekneskap,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 12. april		Start budsjett 2024,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 10. mai		Statusrapport
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Budsjettarbeid
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 14. juni		Tertiarrapport, møteplan,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	

### Framlegg til vedtak:

Møtedato		Årshjul
Onsdag 25. januar		Budsjett, strategiarbeid,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 8.mars		Årsmelding og rekneskap,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 12. april		Start budsjett 2024,
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	Statusrapport
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	
Onsdag 10. mai		Statusrapport
Kl. 17 – 19	Soknerådsmøte	
Kl. 19.30 - 21.30	Fellesrådsmøte	

Onsdag 14. juni Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 - 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Tertiarrapport, møteplan, Statusrapport
---	---------------------------------	--

**Handsaming i Fellesrådet:**

**Votering**

Framleggget vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Møtedato		Årshjul
Onsdag 25. januar Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 - 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Budsjett, strategiarbeid, Statusrapport
Onsdag 8.mars Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 - 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Årsmelding og rekneskap, Statusrapport
Onsdag 12. april Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 - 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Start budsjett 2024, Statusrapport
Onsdag 10. mai Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 - 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Statusrapport
Onsdag 14. juni Kl. 17 – 19 Kl. 19.30 - 21.30	Soknerådsmøte Fellesrådsmøte	Tertiarrapport, møteplan, Statusrapport

**Saksopplysningar:**

Ifølgje forskrift om regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet § 1. 3. ledd skal fellesrådet kvart år velge leiar og nestleiar.

*Menighetsrådet/kirkelig fellesråd velger i det konstituerende møtet og senere hvert år blant sine medlemmer, leder og nestleder. Valget foregår skriftlig. Den som har vært leder i ett år, kan unnslå seg valg for det følgende år.*

**Vurdering:**

Fellesrådet veljer leiar og nestleiar i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

**Handsaming i Fellesrådet**

Birger Bolstad foreslår Torfinn Slåtto som leier og Arild Øystese Hansen som nestleiar

**Votering:**

Forslaget til Birger Bolstad vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Torfinn Slåtto leier

Arild Øystese Hansen nestleiar